



Det lyser i stille grender av tindrande ljøs i kveld, og tusene barnehender mot himmelen ljosa held (Jacob Sande, NS 63)

Nr. 4

64. årgang

Julen 2023



Verdien av eit øyeblikk

Lukas 2:1-14

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria.

Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman

med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn.

Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei. Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er

det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»

I adventstida i år kan du høyre og sjå presten din lese bibelordet for dagen på facebook-sida til kyrkja i Vang. Det er sjølv sagt ikkje noko du må, men du kan.

Om det passar og du er klar, kan desse velbrukte tekstane bli dine – midt i din kvardag i 2023.

Eg kan ikkje garantere kva dei gjer for deg, likevel vil eg gjerne dele, fordi dei har forma og utfordra kyrkja som fellesskap i over 2000 år. Desse tekstane har noko å melde. Dei vil oss noko. Somme er til trøst eller oppmuntring, mens andre kan være krevande, ja til og med ubehagelige.

I adventstida i år les me dei saman, så vil dei mest truleg møte oss ulikt.

At ei hending eller ein tekst møter folk ulikt, er godt kjent. Sjå berre på juleevangeliet, som er utgangspunktet for denne andakten. Husverten, gjetarane, kong Herodes, Josef og englane – alle møter dei fødselen og frelsaren på kvar sin måte, og med utgangspunkt i eigen situasjon.

Akkurat dette interesserer meg; for berre tenk på husverten som ikkje sleppte Maria og Josef inn, hadde han funne rom likevel, dersom han visste kven som skulle verte fødd? kor fullt kunne det vera der? og gjetarane, kvifor vart dei interesserte? fordi det kom englar? eller fordi det var lite anna som skjedde der ute på markene?

Poenget mitt handlar om å ta i mot øyeblikket, og at det handlar om å ta valg. I eit øyeblikk sto det folk på døra til husverten i Betlehem den natta frelsaren vart fødd, i eit øyeblikk måtte gjetarane velge om dei ville ta turen inn til stallen for å sjekke om det var fødd ein frelsar eller ei.

Øyeblikk kjem til oss alle i ein jamn straum også i dag. Truleg tek me fleire val enn folk har måtta ta nokon gong før. Digresjonar er kanskje eit av kjenneteikna på vår tid. Øyeblikket er ikkje mindre viktig sjølv om min påstand om

digresjonar er rett.

Tvert om: eg trur øyeblikket er ennå viktigare enn nokon gong før. Eg er nok litt uroleg for at ståk og mas, særleg før jul, kan gjere at nokon kvar av oss går glipp av magien som er å finne i eit øyeblikk, og at plutselig har eg gjort som husverten i juleforteljinga, ekskludert den eg absolutt ikkje hadde tenkt å ekskludere.

I skrivande stund ser eg solnedgangen som er tidleg no i desember, lyset som fargar himmelen vakker og som er der berre eit øyeblikk. Ja for akkurat i dette øyeblikket, denne stunda, let været ellers sola gå ned og farge himmelen for oss som fekk oppleve det.

Eg set mobilen på lydlaus og gir plass til øyeblikket. Tenker det er eit godt val, no i julestria.

Ingebjørg Vik Laugaland
sokneprest i Vang

VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Kristin Bakke Lajord
kristin@bakkelajord.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Solbjørg Kvalshaugen
solbjorg_kvalshaugen@icloud.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkrysset

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 118656

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi
Soknerådsleiar: Marianne Riste
marianneriste@hotmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kyrkjevevje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Aud Synnøve Kvale
aud.kvale@gmail.com
Kontonr: 2146.20.55304
Vipps 118656

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret
Dagleg leiar: Silje Hammerstad,
Tlf. 902 42 171
e-post: sh466@kirken.no
Kontortid: 09.00-15.00

Organist i alle kyrkjer: Arthur Bødvytis

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangenstein
Tlf: 926 67 124

Felles e-post:
post.vangivaldres@kirken.no

Gravferdstider i kyrkjene i Vang:

1. mai – 30. september: tysdag – fredag kl. 11.00 eller kl. 13.00
1. oktober – 30. april: tysdag – torsdag kl. 11.00 eller kl. 13.00, fredag kl. 11.00

Neste menighetsblad utkommer uke 12, frist for innsending av tekst og bilder er 23. februar 2024. Bidrag sendes på epost til vangmenighetsblad@gmail.com

Framsidedfoto: Høre stavkyrkje. Sven Ingar Moen.

Nye medlemmer i kyrkjeleg fellesråd:

Dei nye sokneråda har i løpet av hausten konstituert seg. Dei har mellom anna valt representantar til kyrkjeleg fellesråd, så mine nye arbeidsgjevarar er no: Aud Synnøve Kvale og Nils Torstein Hermundstad frå Øye, Kristin Bakke Lajord og Tor Erik Berge frå Vang, Solbjørg Kvålshaugen og Unni Elisabeth Flaate frå Heensåsen, og Sara Matilda Franklin og Silje Marie Olimb frå Høre.

Elisabeth Myhre er vald som ny kommunerepresentant, samt at sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland er fast medlem som tidlegare. Overføringsmøte med det forrige fellesrådet, samt konstituering av nytt fellesråd vart gjennomført torsdag 7. desember. Her vart Kristin Bakke Lajord utvald som ny fellesrådsleiar, og Solbjørg Kvålshaugen utvald som nestleiar. Me går ei spanande tid i møte, og eg gler meg til samarbeidet!

Nokre oppdateringar og presiseringar vedrørende stell av graver og kyrkjegardane:

I forrige menighetsblad informerte me om at avtala med Lund arbeidsbase har vorte utvida, og at det frå no av er dei som står for utplanting på alle legatgraver, slik at det blir gjort likt på alle kyrkjegardane. I tillegg har me no eit tilbod

om vårplanting – for dei som eventuelt ynskjer dette. Vårplantinga inneheld fargesprakande og stuttreste stemor (produsert hjå Lund) i leigde urner, som sikrar at gravplassen er pynta til både 17.mai og konfirmasjonar. Dette kan ein bestille for eitt eller fem år om gongen (då med forbehold om eventuelle prisjusteringar frå år til år). Detaljert innhald og pris ser de i annonsen på annan stad i bladet.

Me håper de tek ei økt og fjernar gamle gravlys og liknande i etterkant av høgtida – slik at dette ikkje blir drege utover av vær og vind og fuglar på nyåret. Til våren vil det bli satt opp eigen avfallsdunk for slikt avfall, men inntil dette er på plass håper me de tek dette med dykk.

Takk:

Eg ynskjer å takke Guro for all hjelp og støtte sidan eg kom inn i stillinga i september. Overlappinga har hatt mykje å seie, då det er eit breitt fagfelt eg no skal ta hand om i tida framover. Det er og trygt å vite at det går an å ta ein telefon i ny og ne, sjølv om eg skal prøve å unngå at det blir ein dagleg vane. Eg har og blitt særst godt motteken frå dei tilsette, og eg blir betre og betre kjent med rolla for kvar dag som går. Masse lukke til med pensjonist-tilværet, kjære Guro, og



godt jobba!

Takking:

På den årlege julemiddagen for dei tilsette i år skal me takke både klukkar Solveig Heimlid, trusopplærar Anne Lajord Belsheim og kyrkjevevje og trusopplærar Guro Hovda – som alle no sluttar etter lang og tru teneste hjå Vang kyrkjeleg fellesråd. Bilde og detaljer frå dette kjem i neste nummer av menighetsbladet – så følg med!

Juletida:

Det har vore planlagt mange flotte arrangement i desember – så me håper at bygdefolket har fått stor glede av desse og fortsett å nytte seg av det som skjer vidare. Jula er og ei tid for ro og kvalitetstid med sine nære, for ettertanke rundt dei som me har mista undervegs, samt for omtanke for dei rundt oss som slit både her heime og andre stadar i verda.

Med ynskje om ei magisk og fredeleg julehøgtid
– frå Silje



Førjulsmyro med julegrantenning

5-åringane fekk invitasjon til denne dagen (onsdag 6. desember), då jule-treet ved Drengestøga skulle tendast. Soknerådet hadde stelt fint i stand, med bålpanne så vi fekk varma oss litt, og med servering av risengrynsgraut og saft. Anne fortalte ei julehistorie, og vi gjekk rundt jule-treet og song juleson-gar. Men det var ikkje berre 5-åringar som kom, for dette var ope for alle som ville. Og dei var det mange av. Dette har vorte ein triveleg tradisjon, med mar-kering av at adventstida er godt i gang.

Guro
Foto: Ivar Hagerup



Min jolesalme

Blant jolesalmar kan ein berre velge og vrake. Dette blir valgets kvaler! Det er nok heller ikkje nokor salmegruppe me kan betre utanåt og har sunge meir, enn jolesalmane.

Dei kjende jolesalmane set oss ofte i rette stemninga. Men i ei tid då det mest har vorte slik at kassa-apparata ringer inn jola, må eg seia at å høyre jolesalmane i butikkane allereie i oktober/november, gneg i øyro. Ein blir mest metta av jol før ho tek til!

Kjende jolesalmar har jo eit godt bodskap som me fort kan oversjå og ikkje få med oss, då me har høyrte tekst og melodi så ofte at refleksjonen forsvinn. Ein jolesalme eg blir meir og meir glad i er salme nr. 24 i Norsk salmebok: Nordnorsk julesalme. Tekst og melodi av Trygve Hoff.

Salmen heiter jo Nordnorsk julesalme, men kunne like godt heitt Norsk julesalme. Den passar utruleg godt også i Sør-Norge.

Trygve Hoff var ein allsidig kar frå Rognan, innerst i Saltenfjorden. Han budde fleire plassar både i Nord- og Sør-Norge, men var nok ein allsidig kulturarbeidar med varm entusiasme for Nord-Norge. Dessverre forlot han oss så alt for tidleg, berre 49 år gamal.

For den som kjenner det nordnorske landskap og lynne, må eg seia at å høyre denne sangen i tekst og tone er som å drøyme seg bort og seile gjennom landsdelen. Ikkje rart at me er mange som finn vår «betre halvdel» her! Smak berre på den fyrste setningen i dei tre versa: «Velsigna du dag over fjordan, velsigna du lys over land», «Vi levde med lua i handa, men hadde så sterk ei tru» og «Guds fred over fjellet og åsen, la det gro der vi bygge og bor». Framført på Trygve Hoff sin eigen måte og med den litt melankolske melodien er dette ein fantastisk fin og stemnings- skapande jolesalme.

Ynskjer alle lesarar ei fin joletid!

Helsing klukkar`n i Vang kyrkje
Helge Lajord

*Velsigna du dag over fjordan,
velsigna du lys over land.
Velsigna de evige ordan,
om håp og ei utstrakt hand.
Verg dette lille du gav oss,
den dagen du fløtta oss hit,
så vi kjenne du aldri vil la
oss forkomme
i armod og slit.*

*Vi levde med hua i handa,
men hadde så sterk ei tru.
Og ett har vi visselig sanna:
vi e hardhauva vi som Du.
Nu har vi den hardaste ria,
vi slit med å karre oss frem
mot lyset og adventstiå,
d'e langt sør tel Betlehem*

*Gud fred over fjellet og åsen,
la det gro der vi bygge og bor!
Guds fred over dyran på båsen
og ei frossen og karrig jord!
Du ser oss i mørketidslandet.
Du signe med evige ord
husan og fjellet og vannet
og folket som leve her nord.*



Pustehol

Engelen Jonatan var ein nysgjerrig liten fyr. Han var ikkje mange evighetene gammal, difor hende det at han framleis våga å stille dumme spørsmål.

I det siste hadde Jonatan lagt merke til noko som verkeleg hadde fått han til å lure. Kvar dag på eit bestemt tidspunkt gjekk engelen Gabriel fram og henta ei stor saks som låg ved føtene til Sjefen. Så gjekk han ut og vart vekke ei god stund.

Jonatan vart meir og meir nysgjerrig. Til slutt klarte han ikkje å dy seg lengre. Han måtte få greie på dette med saks, så han gjekk bort til Gabriel, nappa han forsiktig i vingen og spurde: «Du Gabriel, den saks veit du, kva er det eigentleg du gjer med den?»

Gabriel smilte engleaktig overbærande. «Å, veit du verkeleg ikkje det?» sa han. «Jo, no skal du høyre. Det pleier å legge seg eit mørketeppje over menneska på den tida. Alt blir svart rundt dei, og dei føler seg redde, små og åleine. Mørketeppet ligg så tjukt og tungt over dei at dei kan nesten ikkje puste. Då tek eg saks og går ut og klypper pustehol til dei – små hol der det slepp inn lys og himmelluft.

Når menneska ser hola, minner det dei om at lyset ligg utføre mørket og ventar på å sleppe til – at teppet snart revnar til ein ny morgon. Ein dag skal det revne for godt. Ein dag skal Sjefen sjølv klyppe det i to med saks. Inntil vidare har dei berre pustehola.

Dei kallar dei visst stjerner.»

Karen Reiten



Julehelsing frå ordføraren

Juletida er tid for ettertanke og omtanke.

Nokon har mista nokon i året som gjekk og lever med eit sagn, ein stol er tom.

Andre har opplevd gode og gledelege hendingar i år, som dei tek med seg.

Me ser at verda i kring oss er i endring, krig og ufred pregar oss. Folk er på flukt, tap av liv, naud og lidning er tettare på oss enn før. I Norge og her i Vang lever me i utkanten av desse krisene, men dei påverkar oss likevel. Me ser på nyheitene kvar dag at sivilbefolkninga i Ukraina og Gaza blir drepne og skada, men òg fleire andre stadar i verda er det ufred.

Etter 2. verdenskrig kom denne setninga inn i norsk språk: «Aldri meir krig».

Me har bygd opp Nato og FN, og eit internasjonalt samarbeid for å hindre krig i vårt land, men kva skjer om den brutale krigen bankar på vår dør? Krig er ikkje berre tanks, våpen og arméar, det er òg haldningar slik som til dømes nazismens propaganda var.

Vondskap, ekstreme haldningar og maktmisbruk er ein del av krigsbildet, og korleis påverkar det vårt sinn og våre

haldningar. Klarar me som menneske å stå i mot? Kva kan me gjere for å behalde Vang som ei varm og inkluderande kommune?

Her i Vang har dei fleste av oss gode liv, men òg i vårt samfunn finnast det utanforskap, menneske som ikkje er ein del av dei ulike fellesskapa me har. Me har menneske som er einsame, me har menneske som kjenner seg annleis og me har menneske som har utfordrande tider økonomisk, med høge prisar og aukande renter.

Vang tek mot menneske på flukt, me busett flyktningar, og dei er hjarteleg velkomne til Vang. Me syner hjarterom. Me må likevel vera budde, om trykket mot oss blir hardare og tøffare må me klare å stå i mot. Å vera inkluderande er å ha eit ope hjarta og sinn for å be menneske inn i fellesskapet vårt, uavhengig av kven dei er og kvifor dei er her.

Mitt juleynskje er:

Lat oss sjå oss omkring, er det nokon som treng eit fellesskap både no i adventstida, i jula og i dagane som kjem? Er det nokon me, kvar og ein av oss, kan be inn i vårt fellesskap?



Vårt felles nyttårsynskje bør vera at det blir fred på jorda og at me må stå i mot ekstreme haldningar og rasistisk propaganda. Me må vera budde, me må som det står i Peters 1. brev «spenne då beltet om livet, ver vakne og budde i tanke og sinn»

Det er viktig å ta vare på dei gode stundene, og advent og jul er tider av året der det ligg til rette for omtanke, omsorg og kjærleik for kvarandre.

Eg vil få ynskje alle i Vang ei retteleg god jul og eit fredfullt nytt år med 1. verset av Jakob Sande si julesong "Det lyser i stille grender":

*Det lyser i stille grender
av tindrande ljøs i kveld,
og tusinde barnehender
mot himmelen ljosi held*

Jorand Ødegård Lunde,
ordførar

Krøllekveld

Fire 2-3-åringar kom til Vang kyrkje 14. november, for å høyre forteljinga om lam nr. 100 som var blitt borte. Alle var med og leita, og jammen fann dei han. Vi tende lys og tenkte på nokon vi er glad i, og alle fekk ei bok om Krølle.

Guro



Kirkerottene på besøk

Spenninga var stor då små og store fylte Heensåsen kyrkje 28. oktober for å trefte Kirkerottene og Viggo.

Vi fekk repetert kor viktig det er å vere greie med kvarandre, og hugse på dei

som er åleine og lei seg. På veg ut fekk alle familiar med seg eit spel, som vi håpar blir flittig brukt. 4-åringane fekk biblane sine også denne dagen.

Guro



Årets dåpsbarn



Høre stavkyrkje 19.02.23
Selma Skeie-Garvik. Foreldre er Randi Skeie og Peter Garvik



Heensåsen kyrkje 15.10.23
Lotte Belsheim Egge. Foreldre er Randi Belsheim og Vegard Kjos Egge



Høre stavkyrkje 21.05.23
Elias Schlytter. Foreldre er Lisa Opheim og Lars-Ådne Schlytter



Høre stavkyrkje 22.01.23
Hillevi Tveit Ulven. Foreldre er Mari og Olav Tveit Ulven



Heensåsen kyrkje 20.11.22
Marit Pauline Ekre Heen. Foreldre er Gunhild Flittie Ekre og Nils Olav Yrstad Heen



Høre stavkyrkje 30.10.22
Ylva Reiten Helle. Foreldre er Tonje Reiten Sveen og Ole Martin Rørstad Helle



St. Tomaskyrkja 19.03.23
Emrik Nilsen Hammerstad. Foreldre er Silje Hammerstad og Kenneth Andre Nilsen



Høre stavkyrkje 08.07.23
Ølvar Leithe. Foreldre er Synne Børve og Ole Kristian Leithe



Vang kyrkje 05.02.23 Christoffer Sveberg Bø og Thea Kristin Havro Almenning med Heine Almenning Bø



Stølsmesse på Syndin 13.08.23 Monica Søndrol og Kristoffer Kvien med Sigve Søndrol Kvien. Søsknene Andrea og Eivind er faddere, sammen med Stener Brattlien og bestefar Leif Søndrol



Høre stavkyrkje 27.05.23 Ann Helen Solhaug Kjos og Michael Josip Antonio Karlo Kostesic med Kevin Kjos Kostesic.



Heensåsen kyrkje 24.09.23 Elliot Granlund Eriksen, omgitt av søskenbarna på farssida. Foreldre er Viktoria Granlund og Joachim Eriksen Nerland



Øye kyrkje 01.10.23 Eline Brekke-Dervola med søknene Isak, John Arne og Agnes. Foreldre er Anne Mette og Torstein Brekke-Dervola



Høre stavkyrkje 22.01.23 Silje Marie Olimb og Håkon Offergaard Jevne med Henrik Olimb Jevne



Høre stavkyrkje 08.07.23 Håvard Rogn Tveit og Hanne Garfelt Paulsen med Ingvild Paulsen Tveit



Høre stavkyrkje 01.10.23 Malin Desiree Fredriksen, Atle Onstad Hålien og sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland med Mia Fredriksen Hålien



Høre stavkyrkje 30.04.23 Veronica Lungu og Frank Hansen Thune med Mikko og Liam Lungu Thune. Faddere er Maria Berge Dalemark og Glenn Hansen Thune



Høre stavkyrkje 12.03.23 Jon Erik Bergli og Linnea Haugland Tørstad med Mathias Tørstad Bergli



Vang kyrkje 09.04.23 Erlend Sandved og Tonje Buajore Sveberg med Amalie Buajore Sandved



Vang kyrkje 29.10.23 Aina Berge Wangensteen, Jon-Vegard Lysaker Torgersrud og sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland med Hedvig Torgersrud Wangensteen.

Biskopens juleandakt

Håp i ei uroleg verd

Juleevangeliet fortel at Gud lar seg finne i det vanlege livet, og at det er håp for oss alle.

Det kallast verdas vakraste og mest kjende forteljing. Forteljinga om Jesu fødsel som vi høyrer kvar jul. Den lesast i kyrkja, men vi møter ho overalt. Vi syng om den i julesongane, i barnehagane og på skulene. Det formidlast på julekonsertar, på radio og fjernsyn, på kjøpesenter og i julegater. Vi finn motivet i julepynt og tradisjonar. Juleevangeliet representerer noko vakkert og sant, i møte med verdas til tider stressande, vanskelege og brutale verkelegheit.

Det fyrste engelen sa var: «Ver ikkje redde!» Det er det fyrste engelen seier til oss i år også. «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket.»

Når kyrkjeklokkene ringer jula inn over heile verda, er det som eit ekko av englesongen som fyller både himmel og jord: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Vi skulle få eit teikn. Jesusbarnet i krybba. Ein smil av Gud. Verdass frelsar.

Noko vakkert og sant midt i verdass stressande, vanskelege og brutale verkelegheit. Her skulle Gud la seg finne, midt i det alminnelege. I dette teiknet skulle vi kjenne att Guds kjærleik og nåde. Jesu fødsel var berre byrjinga. Diktaren Helge Torvund samlar håpet i eit av dei kortaste, vakraste og sannaste dikta eg kjenner:

Lyset
du treng
finst.

Det har vore eit krevjande år på mange måtar. Vi ber våre tap og sorger. Dette året fekk vi også ei påminning om klimakrisa sine konsekvensar. Fyrst tørke, så flaum og ekstremvær ramma også Norge. Og året har vore prega av krig og ufred i Europa.

Vi veit ikkje korleis neste år blir. Men jul blir det. Og juleevangeliet forkynnast igjen over verda.

I kyrkjer, i heimar, på gater og torg.
Det forkynnast i trass, i tru, i håp.

Frykt ikkje!
Lyset – du treng – finst.

**Ole Kristian Bonden
biskop i Hamar**



Foto: Lars Martin Bøe




Frå korveggen i Kapp kyrkje i Toten prosti. Korveggen med motivet frå Jesu fødsel er måla av Henry Vik i 1940. Foto: Hamar bispedømeråd

Tid til livet

Det er siste morgonen i juni og klokka er halv seks. Sola smyg seg akkurat over Gravafjellet. Det er stille på Fondsbu om morgonen, den beste tida på dagen. Måltida styrer tida på Fondsbu. Eg følgjer den vanlege rutinen. Aller fyrst set eg på kaffi. Det er nok med fem liter i dag. Det er berre 25 gjester. Nokon morgonar med mange gjester har det gått med 100 liter kaffi før klokka tolv om dagen.

I dag er fyrste avgangen med MB Bitihorn så det blir nok ein del vaffelgjester i dag. Eg går ut i peisestova, tenner lys og får eld i peisen. Det skal vera triveleg



for gjestene å kome til frukost. Open eld gjer noko med folk. Det kjenst trygt for oss med flammen. I all tid har vi menneske samla oss rundt bålet for varme og tryggleik, og for lyset. Gjestene set seg alltid ved peisen når det er fyr der. Dei sit og ser inn i flammene, og kan

hende også innover i seg sjølv i den stille morgonstunda. Så må havregrauten setjast på. Eg set fram frukosten: Godt og lokalt pålegg, heimelaga lammerull, lokale ostar, heimelaga sild og eggasalat, kokte egg, heimebaka brød og rundstykke. Godt smør og Lerums syltetøy.

Berre det beste er godt nok for gjestene mine. Då bli dei glade. Så tenner eg lys på alle bord og hyller i matsalen. No er havregrauten klar og vi kan opne.

Gjestene er så stille om morgonen. Dei pratar lågt og går med små steg. Men nokon få er hastige og vil raskt i veg, til fjells, på topptur, på langtur! Eller til bilen og vidare! Dei står i kontrast til det langsame og den store roa hjå dei andre gjestene. Kva er det som hastar slik når dei har ferie likevel, tenker eg. Medan gjestene et frukost, lagar eg fordeig til brød og legg gryn i blaut. Eg bakar kanelbollar og lagar vaffelrøre. Innimellom dette er det turtips og utsjekking, avskjedsklemmar, mailar skal svarast på, bestillingar skal handsamast og telefonen ringer. Men det er ikkje travelt. Det er berre livet, og tida ruslar av garde. Reinholdspersonalet skal ha vaske-lister, ein nyttilsett skal ha opplæring, og telefonen ringer.

Etter at frukosten er rydda inn må vi ha disken klar med kaffikanner, nysteikte kanelbollar og vaflar, syltetøy og rømme før båten legg til ti på elleve. Kapteinen og matrosen kjem fyrst. Det er stor gjensyns glede og rause klemmar. «Vaffelgjestene» kjem trippande. Dei har det travelt. Dei skal ha kaffi og vaffel før båten går att om førti minutt. Deretter kjem dei andre vaffelgjestene. Dei som køyrer bil. Dei har det og travelt. Dei har reist to mil på ein grusveg innover i fjellet, på ein blindveg, men har det travelt når dei fyrst har kome fram til målet, som er å kjøpe seg kaffi og vaffel på Fondsbu. Kvifor har dei det så travelt, tenker eg. Og telefonen ringer. Nokon av daggjestene har god tid. Dei nyt roa, dei er takksame for tende lys og eld i peisen. Dei vil gjerne slå av ein prat. Det er ingenting som hastar. Det er gode gjester. Dei har med seg ro. Det er slik ein stor kontrast mellom dei travle gjestene og dei som har tid nok. Vi har da alle tid nok, tenker eg. Og telefonen ringer.

Daggjestene kjem og går, og så er det brått tid for innsjekking og rause velkomstklemmar til stamgjester og hjarteleg velkomst til nye, men det er det same her. Nokon av gjestene har det veldig travelt med å få sjekka inn, sjølv om dei garantert ikkje har anna på agendaen enn å finne rom og seng, dusje og så eta middag klokka sju. No er klokka

halv tre. Men det hastar. Dei er utolmodige medan dei står i ei bitteliten kø ved disken vår. Det er sjeldan meir enn eit par i køa på Fondsbu. Vi har to kasser og innsjekkingsdiskar. Dei spreier uro rundt seg, desse gjestene. Det blir ei anna stemning med gjestene som alltid har det travelt, uansett kva dei skal. Det er da ingen grunn til å ha det travelt akkurat no, tenker eg. Det er lenge til middag, og rommet har dei alt tinga. Og telefonen ringer. Og det er ei som har sendt ein mail for to timar sidan, men ho har ikkje fått svar ennå. Eg skal sjå på det så snart eg vinn, seier eg. Eg sjekkar mail att og blir à jour for fjerde gong i dag.

Klokka er ti på sju. Eg har akkurat deka til brøddeigen som skal kvile ein halv time før den skal bakast ut. Dei fleste gjestene sit og kosar seg i sofaene. Det er tende lys på borda og fyr på peisen. Nokon sit og stirer inn i flammene - eller kan hende innover i seg sjølv, andre les i ei bok, andre spelar kort eller eit brettspel, og atter andre pratar om turen dei var på eller skal gå i morgon. Medan lysa på bord og hyller i matsalen blir tent, kaffien blir satt på og vassmuggene fylt, ser eg at nokre få gjester sviv kvilelaust att og fram ved matsalsdøra. Det hastar med å kome inn i matsalen. Dei har det travelt. Dei spring heile tida etter tida si, tenker eg.

Middagen på Fondsbu har sin eigen regi. Eg ringer i bjølla, presenterer menyen og dei lokale leverandørane mine eg er så stolt av, og så blir suppa servert. Drikke utanom vatn blir servert ved bordet, og eg står i baren og skjenker. Så er det tid for å bake ut brøda som skal serverast til frukosten i morgon og seta dei til heving. På Fondsbu må alle vente heilt til desserten blir servert samstundes til alle, og det er fyrst etter at eg har syngt for gjestene. Stemninga er alltid god. Folk sit ved langbord og alle finn alltid nokon å prate med. Tida blir brått ikkje viktig lenger, ikkje ein gong for dei travle og urolege. Det gjer godt å sjå. Det er godlåt av prat og latter i matsalen. Det er lys i augo til alle gjester. Eg har lykkast i dag med: Alle gjestene på Fondsbu har funne den store roa.

Eg har slutta heilt å stresse. Til dei av mine tilsette som kavar seg opp seier eg: «vi driv ikkje akutt her, det er ikkje snakk om liv og død, vi driv med



service, vi treng ikkje springe, vi kan gå roleg».

Etter at eg har syngt på andre bordsettinga – då er klokka om lag ti, halv elleve – teller eg kassa, sjekkar mailen og blir à jour for femte gong denne dagen, set inn brøda til steiking i omnen og trekker meg tilbake til privaten. No er arbeidsdagen over, og eg tenne lys, fyre i peisen min og stire inn i flammene – og sjå innover i meg sjølv. Det er tid for ettertanke:

Eg er takksam. Det vart god tid til alt i dag med. Det var nok ein god dag i livet med mange gode menneskemøter, klemmar og deling av glede. Det kjenst godt at dei gjestene som trengte det fann roa, og opna seg opp for å ta i mot gleda som kom til dei denne kvelden på Fondsbu. Eg gler meg alt til i morgon tidleg og den stille tida før gjestene står opp. Og til å møte gjestene mine med eit smilande: God morgon!

No er det tid for å takke Gud for nok ein god dag av livet.

Solbjørg Kvålshaugen

Førjulstida ved dagsentrene i Vang

For mange er denne tida forbundet med «ei stri tid». Dette er ikke tilfelle for oss på dagsentrene. Vi forsøker å skape ei tid hvor gode samtaler rundt en kaffekopp har stor verdi. Gjennom samtaler opplever brukerne inkludering, tilhørighet og glede – verdier som hører denne tida til.

På Vangsheimen dagsenter har vi siden tidlig i høst planlagt for førjulstida. Vi har lenge forberedt oss til den årlige basarutlodningen like før jul. Brukerne har strikket i vei og også laget andre flotte produkter som loddes ut. Andre aktiviteter som står på plakaten er sangtimer, konserter, baking av julebakst, rakfisklag, trim og kino. Vi gjør mye av det samme ellers i året også, men i førjulstida får disse aktivitetene en smak av jul over seg.

Ved Solgløtt dagsenter har vi i år tenkt førjulstida som ei tid til refleksjon og minnearbeid. Høytlesing av artikler og bøker fra lokale forfattere er populært, og inn mot jul blir det fokus på dette med en julevri. Vi planlegger også for julebakst for å bringe lukta av jul inn på dagsenteret. En annen eim gir det årlige rakfisklaget vi har inn mot jul.

Begge dagsentrene pynter til advent og etter hvert til jul i desember. Fargene lilla og rød er like sentrale her som i alle hjem. Fargene gir oss hint om hva

vi kan forvente og håp om ei god tid for alle. I desember vil det bli julekonserter på Vangsheimen for brukerne ved dagsentrene og pasientene ved sjukeheimen. Juletoner og sang vil fylle Fjordstøga. Tradisjonell juleandakt er 23. desember på Fjordstøga.

Mandag 20. november hadde vi igjen kinodag på Vangsheimen, og filmen «Norske byggeklosser» fra 1972 stod på plakaten. Det ble en flott opplevelse for alle 25 oppmøtte og er en svært populær aktivitet. Vi vil fortsette med kinodager og planlegger for det på nyåret. Vi avslutter med å ønske alle ei riktig god førjulstid og en god jul. Vi ønsker takke personalet ved sjukeheimen for et godt samarbeid.

Vi vil også takke alle andre vi har samarbeidet med gjennom året og håper på nye, spennende samarbeid i 2024.

Hilsen Gerd, Mimoza, Anne,
Anny, Unni og Lene.






BARNAS

Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesus-barnet.



Vits

- Kan eg få ein hund til jul, pappa?
- Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

Fargelegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00



Finn fem feil!



Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

God jul

- frå biblioteket
og frivilligsentralen



Biblioteket og frivilligsentralen er så mangt, det er to ulike tenester men også ein møteplass for alle som er i Vang. Her er alle velkomne, og utover normal folkeskikk og bruk av innestemme, så krevst det ikkje mykje av deg når du er hjå oss. Du kan kome og skravle, lese aviser, låne bøker, bruke pc, skrive ut og skanne, få hjelp til forskjellig på internett, spele brettspel, eller berre nyte utsikten.

Frivilligmagasinet

For frivilligsentralen er eit stort arbeid ved vegs ende når de no har fått i postkassa eit magasin for frivilligheit og fritidsaktivitetar i Vang. Dette har me jobba med i to år, saman med Innovangsjon, som del av eit større prosjekt for å synleggjere det rike foreningslivet i bygda. Me håpar det gir dykk mykje godt lesestoff gjennom jula!

Valdres litteraturfest 2023



6.-12. november arrangerte Vang folkebibliotek litteraturfest saman med dei andre valdresbiblioteka. Me var med på barseltreff, dikt til lunsj, lesesirkel, eventyrstund og lesefest. 8. november hadde me fullt hus på konsert med Aasmund Nordstoga og Åsmund Rei-



stad, som fortalde, song og spelte oss gjennom livet til Aasmund Olavson Vinje.

Laurdag 11. november var mange innom *bok rom*, ein kunstinstallasjon som Marianne Isachsen gjorde saman med VBU for nokre år sidan. I fjøset på Haugen er eit rom fullstendig innpakka i bøker, det er ei mektig oppleving – anbefalast!

Nærturar



I haust har me hatt to nærturar i samarbeid med Frisklivssentralen ++. Målet er å oppdage nye stigar og bli kjent med nye naboar. Har du ein nærtur som me kunne bli kjent på? Ta gjerne kontakt! Første tur gikk langs Nørsvinsfjorden, opp til garden Høvda og ned att til garden Norsvinn. Tore Hovda, leiar i Vang historielag, var kjentmann og hadde mykje å fortelje. Ein fin ettermiddagstur med historisk sus.



På den andre turen tok Oddbjørn Skeie oss med langs Kongevegen i Øye; frå Krokasvingen, oppom Snøyud'n, og til det gamle skulehuset i øvre Dalen. Me avslutta med eit besøk på Aud Kvale sitt flotte låvemuseum. Mykje fint å sjå og høyre både på turen og museet!

Generasjonstreff



Med fleire samarbeidspartnarar prøvar me oss på fleire generasjonstreff. På verdensdagen for psykisk helse, 10. oktober, hadde me samarbeid med psykisk helse, pensjonistlaget og Fredheim barnehage. Kaffe og kake, litt speling og ein god prat gjorde godt. Dei fram møte vart også utfordra til å svare på spørsmål om det å høyre til. Dette er noko me kanskje ikkje tenkjer så mykje over i kvardagen, og det var fint å få ei anledning til fine og viktige samtaler om emnet.

I desember blir det generasjonstreff med juleverkstad, og på nyåret har me planar om å samarbeide med kyrkja og Vangheimen om babysong på ulike plassar. Song på tvers av generasjonar og sosialt samver er det viktigaste i dette tiltaket. Kom og bli med - med eller utan songstemme!

Leve heile livet

Saman med prosjektgruppa for Leve heile livet har me hatt tre samlingar på Tyinkrysset med informasjon, prat, litt trim og god middag. Neste treff blir på nyåret.

2024 blir eit nytt år med nye moglegheiter for «eit levande og aldersvennleg lokalsamfunn», som støttar opp under aktivitet, deltaking og møte mellom generasjonar. Følg med!

Me minner også om **Digi-kafe**: Kvar måndag kl 16-18 (utanom skuleferiar) med ungdommar som digi-vertar, og kvar 1. onsdag i månaden kl 13-15 med frivillige digi-vertar. Begge tilboda er på biblioteket.

Opningstider i jula

Frivilligsentralen held stengt heile romjula. Biblioteket har ope onsdag,



torsdag og fredag i romjula kl 10-14. Velkommen innom til romjulshygge med enkel servering! Elles stengt vesle juleftan, juleftan, 1. juledag, 2. juledag, 6. juledag, nyttårseftan og 1. nyttårsdag.

BUA



I BUA har me rydda fram vinterutstyret. Skia har fått ei skikkeleg overhaling hjå Intersport Filefjell, det trengtest etter fleire års bruk. No er både dei og diverse ake-doningar, truger, isbor, turskøyter og mykje meir klare for utlån til små og store. Gå inn på nettsida vår bua.no/bua-vang og sjå kva du kan låne hjå oss.

Ofnår våren kjem og skogen kallar, så kan du glede deg til vårt siste innkjøp: eit svevetelt! Teltet har plass til 3 vaksne eller 2 vaksne og 2 ungar. Det er ingen lettvekter, så dette vil egne seg best for turar i nærområdet, og det krev 3 solide tre i passande avstand. Me ser fram til magiske opplevingar med ekstraordinære friluftsovernattingar.

I BUA er det normal opningstid, også i jula: utlån torsdagar kl 15-16 og innlevering tysdagar 15-16.

...hugs å melde deg på nyheitsbrevet vårt om du vil ha e-post når vi arrangerer noko!

Marte Tangen og Marianne Riste

Scan koda for nyheitsbrev!



Eit barn er fødd

I ei tid da krig både i Ukraina og Gaza dominerer nyheitsbiletet, må vi likevel ikkje gløyme det som ikkje når opp i nyheitene no for tida, slik som denne historia frå Libanon.

Familien på åtte bur i ein skiten kjellar på niande året etter at dei flykta frå Syria til Libanon. Åtte år gamle Mohamad har alle odds mot seg.

I det vi går inn i den nedslitne bygarden, byrjar vi å gå opp trappene, men blir fort bedne om å snu for å gå ned. Nedover og nedover. Forbi søppelrom, lagerrom og nærmare og nærmare lukta av kjellar. Til slutt stoppar vi nedst, der det for det meste er buer, noko tøy som heng til tørk og stablar av ting ingen andre treng. Mora trekkjer ein fillete gardin til sida, og viser oss inn på eit rom med tre madrassar. Her bur dei alle saman. Mor, far og seks søsken. Her enda flukta frå Syria og draumen om eit nytt liv etter krigen.

Støtte til mor og barn

I ni år har familien kome til helsesenteret vi driv saman med partnarane våre, vi tok oss av mora då ho ikkje greidde å betale for seg på butikken. Helsesenteret har gitt barna tett oppfølging, i tillegg til både vaksinar og medisinar, men også sytt for at dei har fått pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar. – Vi hadde ikkje greidd oss utan, seier mora. Familien på åtte er berre ein av mange familiar som slit i Libanon no. Prisane på mat har mangedobla seg, det offentlege tenestetilbodet har kollapsa, folk har mista sparepengane sine og fattigdomen aukar fort. Kjønnsbasert vald har auka med 300 prosent, og vassmangelen er enorm. Landet er også hardt råka av Ukrainakrigen. I Libanon er det no ei femdobling av bensinprisane, fire-dobling av prisen på matolje og fire-dobling av prisane på brød og sukker sidan Ukrainakrigen braut ut.

I over 20 år har Kirkens Nødhjelp drive helsesenter her, og Fady Iskandar, som er prest og samarbeidspartnar, seier at situasjonen for menneska her har forverra seg berre dei siste åra. – Vi har ikkje sett byrjinga ein gong, problema har berre blitt større og større.



Valden aukar, fattigdomen aukar og mange slit, seier han.

Kyrkja ligg rett over gata for helsestasjonen, og er syrisk ortodoks. St. Jacob er kjend for å ta imot minoritetar frå Syria, Irak og fattige frå Libanon.

– Vi vil diverre berre sjå fleire problem i framtida.

Aldri før har det vore viktigare at kyrkja og helsesenteret står saman. Kyrkja ser kven som har det ekstra tøft, og viser dei til helsesenteret, slik at dei får hjelp der nøda er størst.

Vi skal snart feire jul og minnest den natta spedbarnet, Jesus, vart fødd inn i ei verd med konflikt, fattigdom og nød. Men sjølv om verda rundt var kaotisk, så var han trygt omringa av sine nærmaste. Mohamad er eit av dei barna som er omringa av sine nærmaste, sjølv om han vart fødd inn i den same verda som Jesus. Ei verd med konflikt, fattigdom og nød.

Oppdraget vårt er å hjelpe barn som Mohamad og liknande familiar. Saman med deg kan vi gje endå fleire barn og deira mødre, tilgang til hjelp under fødsel, vaksinar, pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.

SLIK GJEV DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:

- Vipps eit valfritt beløp til 2426.
- Send GAVE på sms til 2426 og gje 300 kroner.
- Gåvekonto: 1594.22.87248

Kirkens Nødhjelp

Tjærebreining på Øye stavkyrkje

Taket til stavkyrkja i Øye har i haust fått eit etterlengta strøk med tretjære. Frå gamalt skulle dette skje mellom lauffall og snøfall – men dette er jo ikkje nødvendigvis enkelt å få til her i øvre Valdres. Dei kjølige temperaturane gjer at mesteparten av tjæra blir liggjande på overflata og dannar eit slitesjikt. Nesten heile sørsida, der treverket er mest utturka, har fått tjære før det vart for blautt og kaldt.

Handverkar Herbert Mollenhauer fortsett tjærebreininga tidleg neste vår, med det same temperaturane kryp over null og treverket er turt, men helst ikkje for varmt. Då skal også veggane få litt tjære. Det er tre forskjellige typer tjære som vert nytta, den lysaste kjem ut fyrst under brenneprosessen – til bygningsdeler som har utskorne detaljer, så ein mellommørk til vegger og til slutt den tjukkaste og mørkaste som vert nytta på taket. Tjæra varmast forsiktig i vatnbad for å få ho litt lettare å stryke på.

Her ser de og nokre bilder undervegs frå prosessen, take av gjeldande hand-

verkar, Herbert Mollenhauer.

Gjerdet mot vegen laut og takast ned i samband med gravearbeid, og der har det no kome opp eit nytt. Det gamle, resterande gjerdet rundt kyrkja er noko slitt og lav-grodd og skal rettast opp, samt at dårleg trevirke skal skiftast ut. Dette skal gjerast til våren.

Mange takk for jobben så langt, Herbert!

Silje Hammerstad



Heile bygda feira mannskoret!

Høre samfunnshus var rett og slett fylt til randen denne tysdagskvelden. Tre inviterte songlag, andre spesielt inviterte og alle oss andre. Vårt eige mannskor bad inn til feiring – 80-årsfeiring, og sjølvsagt ville me dit!

Kvelden starta med at 19 staute mannskorsangarar kom inn i salen, og applausen høyrtes med ein gong! Kvitte skjorter, myrke bukser og sangarlue med brem. Det er nesten så ein blir rørt berre ved å sjå dei gå inn.

Helge Lajord stilte sporty opp som konferansier, då Carl Philip Weisser måtte melde avbud, og han geleida oss galant gjennom kvelden med gode historier, tilbakeblikk og fakta. Veit du korleis Helge Lajord byrja i mannskoret? Jau, den førre dirigenten var rå på å søke midlar hjå Oppland korforbund. Og i prosjektet saman med Nordic tenors kom Helge inn, og har sidan vore med. Kjør på med fleire prosjekt, seier eg!

Helge kunne og fortelja at sangarlua hadde lenge legge på hylla. Men fleire syntes at denne burde koma til heder og ære att, på hovudet til stramma karar. Dermed fann nokon att sine gamle og sikkert noko gulna luer (men det kan fort fiksast), og koret gjekk til innkjøp til resten.

Høre mannskor

hadde fleire avdelingar med song, dei fleste kjente, men og nokre nye. Dei opna med «Optimist» med Jahn Teigen, som korets formann, Oddbjørn Skeie hadde arrangert for mannskor. Dette vart ein frisk og optimistisk start under leiing av vikardirigent Jovita S Bergheim. Og dei har all grunn til å vere optimistar, for med tre songarar på fråfallslista denne kvelden, teller koret no 22 aktive songarar!

Dei fulgte på med «Gud Signe vårt dyre fedreland», og avslutta fyste bolk med



sangen «Vårleugt». Teksten der er skriven av tidlegare mannskorsangar Bjørn Skøre. I andre avdeling song dei «Det lyser i stille grender» og «Når fjordene blåner». Og kva er det med dette nasjonalromantiske og desse karane? Det blir i alle fall både gåsehud og blanke auger hjå undertekna uansett kvar og når denne songen blir sunge.

Helge Lajord kunne fortelja at mannskoret vart skipa i 1943. Fire ivrige karar var det i starten, altså ein kvartett. Det var ofte øving, to gonger per veke. I tillegg møttest dei syndagane og kunne øve i opp til seks timar!



På det meste har det vore over 30 songarar samtundes i koret, og dei har til og med spelt inn kasset. Helge kunne og nemne at korsongen har stått sterkt i Vang og Valdres, for i 1957 var det sangarstevne i Ryfoss med 17 kor og 500 sangarar!

To av sangarane i mannskor er forøvrig same årgang som koret. Bjørn Bjørneseth og Tormod Kongslie er også 80 år dette året. Begge har vore med i lang tid, Bjørn i 44 år og Tormod i 59 år.

Gjestekor

Høre mannskor hadde invitert inn Vangskoret og Vestre Slidre/ Sør Aurdal-koret denne kvelden. Vangskoret takka for invitasjon og ynskte til lykke med ei rose til kvar sangar. Og i tillegg baud dei på god song, også dei under dirigent Jovita S Bergheim; «Om eg var ein rik mann», «Har du fyr», «Do-re-mi», «Eg skal bli gift på morrakvisten» og avslutta med «Opp gledjest alle, gledjest no», akkompagnert med Oddbjørn Skeie på gitar. Koret sin leiar, Elisabeth Myhre, uttrykte stor glede over å ha eit mannskor i bygda, sjølv om det har si baksida med at antall karstemmer i Vangskoret dermed blir få.

Det andre gjestekoret, Vestre Slidre og Sør- Aurdal-koret med dirigenten Jan Henrik Bakke, slo an tonen med «Så seiler vi på Mjøsa», og forsette med «Surfbrett» og «Walking in the air». Så kom sangen «You never walk alone», der siste verset var omskrive for anledningen til mannskoret. Men så plutselig dukka bror til Olga Michalsen opp (sangar Bjørn Martinsen) og song bursdagssongen til koret. Også han like «vakkert» som si syster. Han fant sin plass i koret att, og dei avslutta med «You raise me up». Eit kor med god klang og fylde, dette samarbeidskoret.

Helsing frå koret var diktet «Gje meg eit mannskor», skrive at Inger Johanne Røisli, som Gunvor Kjøs las med mjuk kvinnerøst.

Tidlegare dirigentar

var inviterte, og Monica Solberg, Gunnar Baden, Siri-Gro Solemsli og Oddbjørn Skeie var til stades på feiringa, og sjølv-sagt vikardirigent Jovita S Bergheim. Silje Helland og Bjarne Torkildsen hadde ikkje anledning til å vera med. Helge sa litt om kvar deira periode som dirigent, for ingen er like. Monica var eit råskinn til å få tak i midlar som kunne nyttast til prosjekt, og trør gjerne hardt i golvet for å vise at «no kara, no tek mø i!» Gunnar hadde nok felt mang ei tåre over god song, og er den som veit all bakgrunn bak kvar ein song som har



vore i koret. Oddbjørn har stilt, og stiller velvillig opp som vikardirigent og hadde no fått tilliten som formann. Siri-Gro hadde hatt eit grepa godt drag på koret stod det i referatbøkene, iflg. Helge. Ho var den fyste kvinnelege dirigenten til koret. Bjarne Torkildsen hadde sendt ei personleg helsing til koret, som var lese opp. Han mimra om ei god tid i Høre mannskor. «I eit mannskor er det eit trykk og eit brus som du berre opplever når du står midt i det. Å kjenne på fylde og firstemtheiten må berre opplevast», helste Bjarne. Han minna og koret på alle dei har gleda med songen, og kor viktige dei er, for songformen er nesten utrydningstrua!

Helge sa også at koret var svært takksame for at Jovita S Bergheim tok på seg dirigentjobben no når Silje Helland var i svangerskapspermisjon.

Nils Haugen måtte sjølv-sagt nemnast. Fyrst og fremst var han med starta koret i 1943, men han dirigerte og mannskoret i heile 34 (!) år. Ikkje var han berre ein god dirigent, men og ein god sangar i koret, samt organist i Høre stavkyrkje.

Matøkt

Traktering høyrer og med ved ei slik feiring. Og påsmurte rundstykker med kaffe, te og saft smakte godt. Jubileums-



kakene kom til kaffen i lange baner, her var det ikkje spara på noko! Kveldens konferansier, Helge Lajord samla forsamlinga og kalla Høre mannskor fram att til scena. Dei sette tonen så mjukt og lett med «Pie Jesu», akkompagnert av Alistair Peters på piano.

Helsingar

Vestoppland korforening var representert med Arne Martin Kjernli denne kvelden. Han kom med helsing frå korforeninga. Kjernli, som sjølv syng i Berggarda mannskor, hadde kun gode ord om jubilara og sangen. Og han minna dei på at det var viktig å søke på midlar hjå dei om dei ynskjer fleire prosjekt i koret – pengane står ventar, sa han! Som gåve las han diktet «Gje meg eit mannskor» av Inger Johanne Røisli. Han vart og utfordra til å vere med på songen «Rett som ørnen stiger», noko han tok på strak arm.

Vang kommune var representert med kommunalsjef for utdanning og kultur Marta Bjørnøy Lalim og kommunalsjef for helse og omsorg Guro Kvam. «Hvorfor gjør vi ikkje dette oftere? For en kveld», sa Marta B Lalim! «Dette er folkehelse på sitt beste. Syng i kor reduserer stress, hever humøret, senker blodtrykket og gir gode minner», sa ho vidare. Ho gav uttrykk for kor stolt ho er over Høresbygde og mannskoret og kva mannskoret betyr for bygda vår – både i glede og sorg, til kvardag og

fest. Ei stor konfekteske Kong Haakon vart overrekket, og den blir nok god til kaffen på neste øving. Før øvinga er ikkje berre øving, kunne Helge fortelja. Kaffepausa var like viktig som songen. Ansvar for kaffe og kake går på rundgang, og kosen ilag med pratane står høgt, sa Helge.

Gjestedirigentar

Denne kvelden ville mannskoret vise at dei fortsatt lydte taktstokken til tidlegare dirigentar! Alle har sin måte å dirigere på og lede karane i songen. Monica Solberg var fyst ute med sangen «Ronja Røverdatter» og fekk og svinge taktstokken på «Rett som ørnen stiger». Og som nevnt, ho trør gjerne litt hardt i golvet der ho ynskjer sterkare song!

Oddbjørn Skeie fekk æra av å dirigere «Vår lengt», også stødig og godt. Gunnar Baden fortalte at nokon har sagt at det beste ein kan gjera i ståande stilling er å syngje i kor – «men jeg sier at det beste jeg kan gjøre i stående stilling er å dirigere et kor», før han ganske bevega, men solid dirigerte koret gjennom «Norges Fjeld» og «Dryckvesa». Siri-Gro Solemsli kunne fortelja at det var ikkje berre lett då ho som 25-åring kom på fyrste øving i mannskoret. Det var nok fleire av karane som lurte på «kost detta kjem te gå», men som før nevnt frå referatbøkene «fekk Siri-Gro eit grepa gøtt drag på koret», og fekk både respekt og gode ord frå karane. Trur du ikkje at dama kunne dirigere! Ho fekk æra av å avslutte kvelden med mannskoret, og leia dei trygt gjennom songen «Fager kveldsol smiler».

For ei feiring! For eit mannskor! For ein kveld! Dette skal me leva lenge på! Me ynskjer Høre mannskor til lykke med dei fyste 80 år, og gleda oss til dei neste 80!

Inger Kongslie Tveit

*Å, la meg få slippe rockegutta
for en liten stund, i hvert fall
De som vrir og vrenger seg
kaster seg rundt og hiver på hodet
De som sirkulerer med jeansrumpene sine
i et sett
Midt i laser og lysorgel
Svart lær og taggete metall*

*Nei, gi meg et mannskor
Helt uten rekvisitter
Med hvite skjorter
og sleng i blå buksebein.
Og luer med brem
Et mannskor som står stille
når gutta synger
Står som en påle i bakken
Midt i bjørkeskogen
Mannsmunner som synger snille ord
Med fjord og nord
og måne og blåne*

*Gi meg et mannskor som synger sanger
med poesi og melodi
Et mannskor
der jeg kan se at'n Torvald er så fredfylt i ansiktet
når han synger tenor
Også så pen som han Ragnar er i blådressen
Hengivent står han fastklistret i bassrekka
Han som ellers er så arg
når han kjører skolebussen
Et mannskor der du kan se at'n Kenneth i
sporten har det bra
når han synger menuett
«Når fjordene blåner
som markens fiol»
synger de
mellom konvall og symre*

*De tenker vel ikke på sambarytmer
og rockete låter
de som har fioler i hjertet
Mannskoret mitt
med sanselighet i bukesbretten
uskyld i skjortebrystet
Ja, gi meg et mannskor
som jeg kan klappe lenge for*

Forfatter: Inger Johanne Røisli

Oddbjørn Skeie ... kven er no det, ska tru?

Jau ... no ska du høyre ... Oddbjørn vaks opp her i Vang. Far var frå Høre og heitte Ola Skeie, mor kom frå Øye og heitte Marit Grihamar. Oddbjørn hadde det meste av oppveksten like ved Grihamarstølen, ein drug kilometer ovanfor Tyinkryssset, der bestefoleldra frå Grihamar hadde take noko av stølsområdet til heilårs turistbedrift. I 1961 vart Oddbjørn født. Det skjedde på rom 18 i kjellaren på Grihamarstølen, men jordmor hadde vi med, fortel Oddbjørn.

På Grihamarstølen var fele og musikk mest noko dagleg, både bestefar Ola og onkel Ola spelte hardingfele. Kom Oddbjørn til Skeie, så var det likeeins, både onkel Knut og bestefar Ola spelte hardingfele. I 8-9 års alderen tok så Oddbjørn tak i fela sjølv, saman med bestefar på Grihamar.

Men Oddbjørn var ungdom av sin tid, og det vart gitarspel i danseband saman med lokale ungdomar. Blant dei han Hallgeir på Krysse, som det ofte vart sagt, altso Hallgeir Opdal. Eg og Hallgeir spelte i mange bryllaup, meinar hugse at vi spelte t.d. då vår nybakte ordførar – Jørand Lunde – gifta seg, seier Oddbjørn.

Fela vart likevel ikkje gløymd, for i avisa Valdres den 14. okt. 1981 les vi: «Ung Vangsgjelding debuterte og vann på amatørtevinga». Bildet viser Oddbjørn Skeie som spela hardingfele ved Valdres Ungdomslag si amatørteving.

Kanskje ikkje så rart at musikk vart Oddbjørn sitt liv, interessa var tydeleg svært stor.

Oddbjørn nevner at han gjekk fire år på musikkonservatoriet i Kristiansand, og fekk sine to fyrste arbeidsår i Rosendal i Kvinnherad. Så vart det jobb i kulturskulen i Florø, mest med gitaren og rockeverkstad. Men 20 % av stillinga var ein utøvande del, mellom anna eit danseband som bestod av kulturskulens lærarar. Dei spelte til dans eller underhaldning. Florø hadde verftsindustri, og mange oppdrag var ved døypping av nye båtar. I og med at dansebandet og var innbakt i stillinga, gjekk honoraret rett tilbake til kulturskulen.

Eg var og i ca 15 år med i storband, samt ei lita periode i eit bluesband, dette og i regi av kulturskulen, fortel Oddbjørn. Gjennom desse aktivitetane fekk eg litt meir mangfald i mitt arbeid, og treivst svært godt.

Oddbjørn kjende likevel etter kvart lyssten på nye utfordringar, og nølte ikkje då Vang trengte nye folk i kulturskulen. Han kom til Vang hausten 2008, som kulturskulerektor og utøvar på sine instrument. Då han kom til Vang, var interessa for rockeverkstad stor, men undervegs har dette endra seg. Mange unge har desse åra fått prøve seg på klassisk gitar hjå Oddbjørn. Enno fleire er vi som har høyrt han sjølv i utallige opptredenar i kyrkjer, på biblioteket eller anna her i Vang. Oddbjørn seier han er imponert over at vi har eit så stort og allsidig musikkmiljø i Vang.

Tida og arbeidsoppgåvene endra seg. Oddbjørn fekk og ansvar for kulturlivet ... så kom jammen Kongevegen ramlande ned på skrivebordet og. Men det var ei oppgåve Oddbjørn likte, han måtte ut og gå for å sjå stoda og kva som skulle ordnast. Sunt for kropp og sjel til ein skrivebordsmusikar, seier han. Særleg fine synest han Kvamskleiva og parsellen frå Kroken i Øye og opp til Varpabrue er.

Mange ville ha Oddbjørn med seg, mellom anna Valdres Kammerkor, men han sa oftast nei. Han ville prioritere kulturlivet i eige kommune, tok fram att fela og vart med i spelgruppa til Valdreskvelven. Så vart det mannskor og etter kvart og blanda kor, både som sangar og dirigent.

To spesielle grupper har Oddbjørn likevel prioritert gjennom mange av desse åra.

Trio Gyllensvård har hatt det meste av sine opptredenar i Valdres, men ein liten tur til Sverige vart det, fortel Oddbjørn. Dette er musikalske perler med utøvarar frå vårt nærrområde som absolutt er noko å få med seg.

Det andre er ei dame nordfrå som heiter Nina Bendiksen. Fyrste gong vi høyrdet ho her i Vang, var ein konsert



på Åsvang saman med to argentinske gitaristar. Ho er svært interessert i argentinsk tango og har laga ei forestilling som heiter «Gatelangs i Buenos Aires». Nina brukar kostymer, syng og spelar forskjellige roller tilpassa teksten, mens Oddbjørn tilpassa det musikalske og erstatta dei to argentinske gitaristane. Dei har hatt mange små konsertar i Oslo, med mange kjente fjes blant publikum, bl.a. på Oscars kafé på Frogner stadion, i Førde, Florø, Nesna, og i 2019 var dei på Melbufestivalen i Vesterålen, smiler Oddbjørn. Heilt tydeleg er det mykje gode opplevingar og minner frå alt dette.

Etter mange hektiske år har Oddbjørn kjent på behovet for å roe ned. I tillegg slit han med ein fing på høgre handa som ikkje gjer heilt det Oddbjørn vil. Klassisk gitar er dermed noko som for tida ikkje er så moro. Han har no pensjonert seg, men det betyr ikkje å kutte alt, han er fortsatt aktiv i kor, og seier at han kanskje kan ta fram att fela. Under tida i Florø stifta Oddbjørn familie og har to kjekke jenter frå dette forholdet. Noko av tanken no er å prøve å få litt meir tid saman med dei, seier han tenksamt.

Vi er mange som vil takke deg, Oddbjørn, for det du har bidrege med i bygdene våre, og for at du fortsatt ynskjer å delta i fellesskapet her!

Ivar Hemsing
Foto: Privat

Sagaen om Ulfsetta

Eg har hatt eit storverk ståande i bokhylla i førti år – utan å lesa det.

Knut Hauge skreiv romanserien Sagaen om Ulfsetta i åra 1965-80, i alt åtte bøker. Bøkene vart deretter utjevne i fire bind, og desse kjøpte eg. Så vart dei ståande, det var så mykje anna som skulle lesast. Men kvar gong eg såg dei i bokhylla fekk eg dårleg samvit. No må du snart ta deg på tak og byrje på desse bøkene, tenkte eg. Så endeleg, etter førti år, no som pensjonist med betre tid, har eg lese bøkene. Og la det vera sagt med ein gong, dette er ei stor leseoppleving.

Knut Hauge gir oss to hundre år med norgeshistorie fram til etter andre verdenskrigen. Han har ståstad i Slidre, og han fortel historia gjennom livet til folk i fjellbygdene. Her får vi innsyn i kelasesamfunnet, det var stor skilnad på gardfolk og plassfolk. Å gifte seg over klassegrensene var lenge sosialt sjølv-mord, og det resulterte nok i mange «fornuftsekteskap». Dei som gjorde opprør fekk ein utveg då utvandringa til Amerika tok til. Det var fleire som heller søkte ein ny start i ukjent land enn å gje opp kjærleiken.

Så møter vi Hans Nielsen Hauge som også kom til Valdres og sette varige

spor etter seg. Andre som kom var Ivar Aasen, Ludvig Lindeman og Peter Chr. Asbjørnsen. Alle fann dei kulturverdiar hjå folket i fjellbygdene, og det var like mykje hjå plassfolk som hjå gardfolk. Dramatikk og vanskelege tider har det sjølv sagt vore gjennom to hundre år. Flaum og ras, uår og svolt, sott og ulykker, mord og avrettingar, svenskekrigar og dei store verdskrigane, heller ikkje folket i øvre Valdres gjekk fri for dette.

Knut Hauge brukar mange kjende stadnamn frå Slidre og Vang, men dei fleste namn på gardar og slekter er dikta. Diktaren tek seg nokre friheiter her og der, men lesverdige blir det.


Eit døme er historia om den snøblinde Bjørnstjerne Bjørnson som vart kurert med ein sprut morsmjølk i kvart auge. Vi vangsgjeldingar får bera over med at Hauge har lagt denne hendinga til Slidre og ikkje til Øylo der det verkeleg hende.

Språket er godt og levande, det er eit naturleg og dialektprega nynorsk som høver framifrå til stoffet. Når han siterer embetsfolk, brukar han danskprega «kansellispråk», og dette lærde også bygdefolket å skrive. Det var fyrst i det sjølvstendige Norge frå 1905 at norsk og nynorsk skriftspråk tok over.

tidspunkt for utgåvene i hausthalvåret. Dette for at både bidragsytarane og redaksjonen skal få betre tid til arbeidet. Bladet vil no kome ut omkring midten av oktober og i siste veka før jul.

Redaksjonen har også vurdert framsida til bladet. Teikningane av kyrkjene, laga av Tordis Leine Halvorsen, har vore uendra sidan 1971. Hovudbiletet på framsida har lenge vore eit motiv frå ei av kyrkjene, eller eit vakkert naturbilet med eller utan nokon spesiell symbolikk eller budskap. Kva tykkjer du om framsida? Bør vi skifte ut dei tradisjonsbundne teikningane med foto? Skal vi endre hovudbiletet til å syne meir av aktiviteten i kyrkja?

Redaksjonen vil sette pris på å få tilbakemeldingar på e-post til vangmenighetsblad@gmail.com



Eg kunne ha skrive mykje meir om desse bøkene, men eg vil heller at du sjølv skal oppdaga rikdommen i dette verket. Dette er forteljingar om livet sjølv slik at alle kan kjenne seg att, uavhengig av tid og stad. Knut Hauge seier det slik: «Hovudmotivet i verket er den kjærleiks- og fridomskampen som føregår i kvart menneske, felt inn i sagaen om Ulfsetta, og vevd inn i historia at det norske bondesamfunnet gjennom tre hundreår».

Knut Hauge fortener å bli lesen, også i vår tid.

Ola Heensåsen


Redaktøren har ordet

Kva tykkjer du om bladet du

held i handa? Dersom du bur i Vang, kjem det postkassa di utan at du har bedt om det. Redaksjonen prøver å lage eit blad som speglar både det som skjer i kyrkja sin regi i Vang, men også i det breidare kultur- og samfunnslivet i kommunen, og vi prøver å ha stoff for og om fleire aldersgrupper.

Vi startar t.d. eit nytt innslag som vi vonar vil bli take godt imot: ein presentasjon av alle dåpsbarna gjennom året, sidan Allehelgensøndag året før. Alle dåpsfamiliane sidan seinhausten 2022 har sendt inn eit fritt valgt bilete av barnet eller frå dåpen. Og jammen var det mange flotte ungar og familiar!

Elles har redaksjonen valt å endre litt på



Sidsel Offergaard Jevne

Leikande opning av ny leikeplass!

18. oktober 2023 var det stortilt opning av nytt uteområde i Fredheim barnehage. Og ordførar Vidar Eltun fekk grundig innføring i korleis den nye leikeplassen skulle brukes!

- I dag handlar det om å feire at ungane, personalet og foreldre i Fredheim barnehage har fått eit heilt nytt og fantastisk fint anlegg å leike i, jublar barnehagestyrar Karin Trøen.

Leikeplassen og uteområdet i barnehagen har lenge vore underdimensjonert, etter at det i Vang gjekk frå å vera fire til to barnehagar. Det var difor stor stas når alle kunne samles til opning av nytt og større leikeanlegg! Det heile vart starta med Blime-dansen av alle barnehagebarna, til stor applaus frå publikum.

- Me har vore heldige å få ta i bruk det nye anlegget frå 21. august, men det er ein stor glede å få innvie det med ein høgtideleg markering, seier Trøen.

Takknemleg for godt samarbeid

Trøen fortel at det er mange som har engasjert seg i det nye uteområdet i barnehagen, og at heile prosjektet har vore eit stort og godt samarbeid mellom fleire flinke folk.

- Det er mange me vil dele æra for dette med. Det heile starta med engasjerte foreldre, og foreldreprerentant Mari Kaspersen var pådrivar for å sette ned ein komite, med representantar frå både foreldre og personale, seier Trøen.

Ein grundig søknad med godt grunnlag for oppgradering ble sendt til kommunalsjef for utdanning og kultur, Marta Bjørnøy Lalim, som umiddelbart var entusiastisk og sendte saka vidare til kommunestyret.

- Kommunestyret valde å satse på framtida og bevilga ein stor sum for at barna i Fredheim barnehage skulle ha ein god leikeplass. Det er me særst takknemlege for, smiler Trøen.

Ho nevner også god hjelp frå teknisk etat, med Magnus Lajord i spissen. Samt Aktiv lek, som har levert apparat til leikeplassen.

- Og ein ekstra stor takk til ordførar Vidar, som har stått på for barn og unge i Vang. Han har deltatt, engasjert, støtta, bevilga, leika i lag og heia. Tusen takk for den gode jobben du har gjort som ordførar, applauderer Trøen.

Innvia leikeplassen med ordføraren

Før snora skulle klippast på høgtideleg vis, var det dukka for ordentleg innvielse av leikeområdet. Årets skulestartarar hadde tatt på seg jobben med å vise ordføraren rundt i apparatene. - Det er klart du skal få teste leikeområdet, Vidar! Skulestartarane skal vise deg rundt, smiler Trøen.

Opp, ned, under og over. Leikeplassen vart godkjent og falt i god smak både hjå barna og ordføraren!

Eltun hadde sjøvsagt oppgåva med å klippe snora, og ba med seg barna til å hjelpe seg. Til stor jubel vart den raude snora klipt, og det nye leikeområdet var offisielt opna!

Hurra! Hurra! Hurra!

Ida Nordland Hillestad




Tilbod om planting på kyrkjegardane

Me har mange graver på kyrkjegardane våre som har stelleavtale – nokre varer i 20 år (legatavtale), og nokre betalar for eitt og eitt år (årstellsavtale). Kven som har stelt desse gravene har variert, men frå 2024 vil Lund arbeidsbase plante på samtlege av dei.

Tilbodet ser du til høgre.

Kontakt kyrkjekontoret på e-post post.vangivaldres@kirken.no eller tlf. 902 42 171 dersom du vil opprette avtale.

Silje Hammerstad



A Dersom du ynskjer planting via Lund, men ynskjer å stelle sjølv gjennom sumaren:

1. Vårplanting kr 450,- inkluderer stemor i fargesprakande farger, leige av blomsterurne og langtidsgjødsel. Blomane vert sett ut rett før 17. mai og teke inn att ved sumarplanting.
2. Sumarplanting kr 610,- inkl. blomster (2 raude betulia og 3 sølvkrans), ny jord og langtidsgjødsel. Det forutset at det er sett ned plantekasse (ekstra kostnad på ca kr 1200,-). Blomane vert planta ut mellom 6. og 12. juni.
3. Lund har ansvar for at blomane står fint i 2 veker etter utplanting.

B Dersom du vil at nokon skal stelle grava gjennom sumaren, kostar det:

1. Berre vårplanting kr. 600,- inkl. blomar og stell
2. Berre sumarplanting kr. 1200,- inkl. blomar og stell
3. Vårplanting og sumarplanting kr. 1600,- inkl. blomar og stell

Men hvem sa at dagene våre skulle være gratis?

At de skulle snurre rundt
på lykehjulet i hjertet vårt
og hver kveld
stoppe på gevinst?
Hvem sa det?
Hvor hadde vi det fra?

Hvem sa at livet vårt
skulle være lett å bygge ferdig?
At mursteinene var firkantede ballonger
som føk på plass av seg selv?
Hvem sa det?
Hvor hadde vi det fra?

Der var piller for alt: nerver,
vedvarende hoste og anemi.
Men hvem sa at snarveiene
støtt var kjørbare? At fjellovergane
aldri snødde til? Og at nettopp vi
skulle slippe å stå fast i tunnelen?
Ja, hvem sa det?
Hvor i all verden hadde vi det fra?

Foto: Ivar Høgerup

Kolbein Falkeid

Alle treng ein beredskapsvenn

Når samfunnet blir råka av ei stor hending eller krise, er det mange som treng hjelp. Dersom fleire av oss er i stand til å ta vare på oss sjølve og dei rundt oss ved ei hending, kan hjelpa setjast inn der behovet er størst. Eit av dei beste beredskapstiltaka du kan gjere, er å alliere deg med andre.

Du er ein del av beredskapen

Viss varmen eller vatnet skulle forsvinne, viss betalingssystem eller internett skulle gå ned, er det viktig at ein er førebudd. Ved store hendingar og kriser som rammar mange, kan ikkje alle få hjelp med ein gong. Då må styresmaktene prioritere hjelp til dei som treng det mest. Ved å vere førebudd bidrar du til at dei som treng det mest, får hjelp fyrst i ein eventuell krisesituasjon. På den måten er du ein del av beredskapen i Noreg.

Viktig med ein beredskapsvenn

Det er viktig å samarbeide med andre i ein krisesituasjon. Beredskapsvenner er allierte i ein krisesituasjon. Særleg når det gjeld eldre menneske, kan beredskapsvenner vere viktige. Det same gjeldt om du til dømes bur åleine og ikkje har vedomn eller peis – for det har kanskje naboen eller nokon i familien din? Eller kva med eit kokeapparat som går på gass? Det at nokon i din omkrets har det du ikkje har, kan vere greitt å ha kartlagt på førehand. I tillegg er det lurt å planlegge kvar de eventuelt kan møtast om til dømes kommunikasjonsmogleheitene er avgrensa.

Snakk med familie, venner, naboar, assistentar eller andre personar i livet ditt om korleis ei krise vil påverke deg og kva du kan trenge hjelp til. Treng du hjelp, er det viktig at du ber om det. Tenk gjennom kva som kan skje der du bur, og kor-



leis du og dei rundt deg kan bli ramma, og korleis de saman kan handtere situasjonen. Finn ut om nokon kan trenge hjelp, og korleis du kan bidra. Del informasjon med andre ved ei pågåande hending, tenk spesielt på om du har pårørende eller naboar som ikkje kan nytte internett/digital informasjon.

Mathilde Anderdal,
beredskapskoordinator i Vang kommune

Julehilsen fra Vang N2 Mottakssenter

Uværet Hans var på besøk hos oss i begynnelsen av august og gjorde stor skade. Vi måtte redusere med 42 plasser, da en av avdelingene ble skadet etter oversvømmelse. Beboerne tok situasjonen på en god måte. Utenom denne hendelsen har året på Vang mottak forløpt på en harmonisk og rolig måte.

Vi har hatt stor aktivitet med beboerne. Turer i nærmiljøet, fjelltur, aktiviteter ved Vangsmjøsi og biblioteket er viktige aktiviteter for våre beboere. Vi har i tillegg gjennomført fire turer til friluftsbadet i Øvre Årdal, og det var en stor suksess. Vi har fortsatt en klar overvekt av ukrainere ved mottaket, med innslag av noen andre nasjonaliteter. Kommunen er veldig flink til å tilrettelegg for samhandling med mottaket, og jeg håper vi kan fortsette dette gode samarbeidet i årene som kommer.

Jeg vil på vegne av alle beboerne og alle ansatte ved Vang N2 Mottakssenter få ønske alle i Vang en riktig god og fredfull jul og et godt og fremgangsrikt nytt år.

Henrik Rønningen
Mottaksleder



Kirche Wang i Karpacz

feirer 180-årsjubileum i 2024

Som kjent vart den tidlegare stavkyrkja i Vang erstatta med noverande kyrke i byrjinga av 1840-åra. Stavkyrkja vart demontert, frakta til noverande Polen og sett opp att i den vesle byen Karpacz i 1844. 180-årsjubileet skal feirast til sommaren, søndag 28. juli.

Det har vore kontakt mellom Vang sokn og kyrkja i Karpacz gjennom lang tid. M.a. er det arrangert tur frå Vang til Karpacz i 2002 og i 2014, og representantar for kyrkja «vår» i Karpacz deltok ved Vang kyrkje sitt 175-årsjubileum for nokre år sidan.

No vurderer Vang sokneråd å arrangere tur til jubileet i Karpacz, langhelga torsdag-måndag ved Olsok (25.-29. juli). Detaljar som pris og mange andre spørsmål er ikkje avklara enno – men det er ynskjeleg å kartlegge interesse alt no. Soknepresten har allereie fått invitasjon og takka ja, og ho vil gjerne ha reisefølge! Det er plass til



ein delegasjon frå Vang på inntil seks personar under sjølve jubileumsarrangementet i kyrkja, men det er plass til mange tilreisande i Karpacz!


Dersom du kan vere interessert i å delta på ein slik tur: send ein e-post til il597@kyrkja.no

Sidsel Offergaard Jevne

Filosofiens fruentimmer

*I de sene timer i de Valdreske skove
sitter en der grunder paa evighedens love.
Hun kan ikke af jægere jagtes, ej heller i sælskaber bes.
Hun lader sig, saagar, udelukkende ses,
af de der Troen vove.
Dog maa der troes paa mere end traditionens lære.
Man maa troe at det at menneske at være,
er mere end et liv i traditionens baand.
Man maa troe at det at være menneske er at være aand.
Først da kan hun kommes nære.
Men hvorfor, spørger du, skal man for sligt i skoven træde?
Akk, siger jeg, ser du ikke hendes gyldne slitte klæde?
Ser du ikke at det er Filosofiens Fruentimmer
der sitter der, i det brændende Lysets skimmer?
Forstaaer du ikke slik glæde?
Synes du sligt bare er vrøvl saa passér hende bare forbi.
Af jorden er du tagen, til jord skal du bli'.
Med dig har hun inget at tale om.
Væk! Afsted! Gaa slig du kom!
Spild ikke hendes ti'!
Thi af alle Guds skabninge findes ærbarere Dame ej.
Ej heller findes nogen der er bedre at vise vei.
I hendes Lys faaer alle mennesker rum.
Hendes Lys er Lux Hominum.
Det er umæenneskeligt at byde hende nei.
Derfor skal jeg dig nu, allertil sidst, formane,
til at gjøre filosofiens glæder til en vane.
Skulde den nemlig slugne den Brand,
saa gikkes vi til grunde alle mand,
saa bleve det Mæenneskets bane.*

Ørjan Dahl ©



Nytilsette Vang kommune frå oktober 2023

Elise Edvardsen – Vernepleiar
Vang barne- og ungdomsskule

Andris Hemsing – Rådgjevar Landbruk og teknisk

Thorleif Leine – Prosjektleiar Landbruk og teknisk

Ann Helen Hermundstad – SFO-leiar
Vang barne- og ungdomsskule

Thea Kristin Havro Almanning – Fagarbeidar
Vang barne- og ungdomsskule

Linda Haugland – Helsefagarbeidar
Tilrettelagte tenester

Kabid Dostekhel – Assistent Tilrettelagte tenester

Per Nicklas Kvam – Assistent Tilrettelagte tenester

Anita Lahaug – Assistent Høre barnehage

Hanne Fjeld – Fagarbeidar barnehage

Vigdis Neby – Oppmålingsingeniør
Landbruk og teknisk

Kommunen informerer:

Dei tilsette ved kommunehuset har frå 15.11.23 flytta til brakkerigg i Synshagen, medan kommunehuset er under ombygging (ventilasjonsanlegg og heis skal installerast). Her er dei estimert å vere til sommaren 2025.



Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Alle gode ting er tre	480 95 948	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	TK-Bygg AS	99 00 94 84
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	Tyin Filefjell AS	46 66 56 65
Elektromontasje	48 26 73 64	Tyinkryssset Fjellstue AS	61 36 78 00
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyinlam	99 46 61 15
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Føsse Frisørstudio	94 89 12 05	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Grindaheim Bygg &		Vang Bunadsaum	41 56 07 59
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Bygg AS	97 51 95 37
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Grave- og Transport-	
IngWi modell	91 78 01 38	service AS	95 87 90 04
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Vang Rør	99 52 22 22
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Valdres Sparebank	61 34 36 00
Montér Kvismo	61 36 81 85	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Pelssau	99 71 43 18		



*Slekters
gang*

Høre sokn:

Død:

24.10: Tora Johanne Hansen

Heensåsen

Døpt:

15.10: Lotte Belsheim Egge

Vang

Døpt:

29.10: Hedvig Torgersrud
Wangensteen

Død:

3.11: Maren Ellingbø

Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye Sokneråd

Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre sokneråd

FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE

23. FEBRUAR

*Redaksjonen
ynskjer alle lesarar
ei god jod jul og eit
riktig godt nytt år!*

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgjevar:

Sokneråda i Vang

Redaksjon:

Silje Hammerstad, Ivar Hemsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:

Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:

Kyrkjeleg fellestråd
Kontonummer: 2146.30.04444

**Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år**

Trykkes i 900 eks. fullfarge.



Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja.

Søklarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre.

Søknad kan sendast til:

Torgeir Før's minne,
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen
eller e-post:
torgeirforsminne@yahoo.no



Gudstenesteliste

Laurdag 23. des.

Vangsheimen kl. 13.00

Julegudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Søndag 24. desember – Julaftan

• **Høre stavkyrkje kl. 11.00**

• **Heensåsen kyrkje kl. 13.00**

• **Øye kyrkje kl. 15.00**

Julegudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Måndag 25. des. – Juledag

Vang kyrkje kl. 12.00

Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Tysdag 26. des. – 2. juledag

Vang kyrkje kl. 12.00-14.00

Open kyrkje med orgelmusikk v/Arthur Budvytis

Søndag 31. des. – nyårsaftan

Vang kyrkje kl. 17.00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Mandag 1. jan. – Nyårsdag

Heensåsen kyrkje kl. 19.00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Søndag 7. jan. – Kristi openberringsdag

Vang kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Onsdag 10. jan. – Morgonsong

Vang kyrkje kl. 10.30

Torsdag 11. jan.

Vangsheimen kl. 13.00

Andakt v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Heensåsen kyrkje kl. 19.00

Vangskoret syng jula ut

Søndag 14. jan. – 2 s. i openberringstida

Høre stavkyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Søndag 21. jan. – 3. s i openberringstida

Øye kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Tirsdag 6. febr. – Samefolkets dag

Øye kyrkje kl. 19:00

20-års jubileum. Einar Bondevik, prest i sør-samisk område, deltek.

Søndag 11. febr. – Fastelavnssøndag

Heensåsen kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Onsdag 14. febr. – Askeonsdag

Vang kyrkje kl. 10.30

Morgonsong

Torsdag 15. febr.

Vangsheimen kl. 13.00

Andakt v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Søndag 25. febr. – 2. søndag i fastetida

Vang kyrkje kl. 10.00 (merk tida!)

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis. Det blir servert frokost i Drengestøga kl. 09.00!

Fredag 1. mars –

Kvinneres internasjonale bønnedag

Høre stavkyrkje kl. 19.00

Søndag 10. mars – 4. søndag i fastetida

Øye kyrkje kl. 19.00

Gudsteneste v/vikar og organist Budvytis

Søndag 17. mars – Maria bodskapsdag

Vang kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Søndag 24. mars – Palmesøndag

Haukåsen kl. 13.00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis



Trykk: Printfarm.no • Layout: Ingridesign.no **ingridesign**

INTERSPORT
Filefjell

- har betalt denne utsendinga av

VANG MENIGHETSBLAD